



Merethe Tvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2207 - 15/15713

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

01.09.2015

Møtereferat - bygging på eigedom 15/6 på Hopland - avklaring planstatus

Det vart 21.08.15 halde møte på vårt kontor for å drøfte ev. bygging på eigedom 15/6 på Hopland, og for å avklare planstatus.

Desse møte:

Trond Tystad frå Cardo 8614 AS

Heine Fyllingsnes frå Byggmester Heine Fyllingsnes

Merete Tvedt og Anne-Lise Olsen frå kommunen

Forslagsstillar orienterte:

Forslagsstillar orienterte om at dei ynskjer å byggje 5 bustadbygg på eigedom 15/6, og med 4 bueiningar i kvart bygg. Dette for å kunne finansiere teknisk anlegg fram til området.

Administrasjonen orienterte om planstatus:

Administrasjonen orienterte om at området er omfatta av nyleg godkjent kommuneplan, og der delar av eigedom 15/6 er omfatta av formål for spreidd bustadbygging, SB_2 Hopland. Innafor dette formålet kan det i planperioden byggjast ut med 4 einingar. Då området består av mange eigedommar, vurderer administrasjonen at det på eigedom 15/6 truleg kan byggjast inntil 2 bueiningar i denne planperioden, men at dette lyt vurderast grundigare ved ei konkret sak.

Administrasjonen orienterte vidare om at ei omfattande utbygging inntil 20 bueiningar som forslagsstillar ynskjer, uansett vil krevje reguleringsplan. Med ein så ny kommuneplan, og m.o.t. ulike vurderingar som har vore gjort i kommuneplanprosessen, så ser ikkje administrasjonen for seg at ein kan vere positiv til ein reguleringsplan for 20 bueiningar no.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppsummering:

Etter orientering og drøfting så ønska forslagsstillar å vurdere ei litt mindre utbygging no, og ville kome attende til eit nytt møte med byggesak. Dei vil ikkje gå i gang med planarbeid eller søkje om dispensasjon no, men halde seg innafor det som kommuneplanen opnar for.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Merethe Tvedt
Cardo 8614 AS
Byggmester Heine Fyllingsnes